

Høyringsforslag - Kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad kommune for perioden 2026-2030

Kvinnherad kommune er lokal viltmyndighet og skal fastsetje offentlege lokale mål for hjorteforvaltninga gjeldande for Kvinnherad kommune. Måla skal vera styrande for utøvinga hjorteviltforvaltninga i kommunen både for kommunen sjølv og den private, grunneigarstyrte, forvaltninga av hjortevilt i Kvinnherad.

Hjorteviltbestandane er store, og med tilhøyrande påverknad på omgjevnadane dei lever i. Dei offentlege måla skal sikre oppfølging av overordna mål i hjorteviltforvaltninga og vera i tråd med føringar gitt i styrande strategiar, handlingsplanar og lovverk.

Kommunale mål blir sette for 5 år om gongen. Det skal rapporterast på måloppnåing årleg.

- Måldokumentet set mål for utviklinga av hjorteviltbestandane i kommunen
- Måldokumentet pliktar kommunen si viltforvaltning i omfang og fagkompetanse
- Måldokumentet fastset prioritering for bruk av midlar frå kommunalt viltfond og føreslår endring av fellingsavgifter for planperioden

Kommunale mål for hjortevilt og hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad kommune er vedtekne politisk etter gjennomført prosess for god medverknad og aksept.

Mål for planperioden

For planperioden 2026-2030 er sett slike kommunale mål for hjorteviltforvaltninga:

- Bestandane av hjort skal reduserast med 30% i Kvinnherad i høve til 2025-nivået i Kvinnherad.
- Reduksjonen skal føre til auka livskraft og kondisjon i bestandane, og til mindre skader av hjort til jord og skogbruk.
- Kjøns- og aldersamansetjinga uttaket skal gjerast slik at andelen hanndyr i bestandane aukar og andelen eldre dyr i bestandane aukar.
- I planperioden vil måla kreve ekstra merksemd i oppfølging og aktivt informasjonsarbeid frå kommunen si side
- For rådyr skal stamma forvaltast bærekraftig men haldast på eit lågast mogleg nivå. Spesielt i område med aktivt landbruk og ellers kor det vert rapportert at dyra gjer skade.
- Det skal leggjast til rette for at hjorteviltet blir aktivt forvalta med basis i grunneigarstyrt forvaltning i godkjende bestandsplanar
- Kommunen skal sikra at offentleg forvaltning blir utøvd med høgast mogleg fagleg kompetanse
- Kommunen skal sikra rasjonell og effektiv forvaltning i aktivt samarbeid med andre kommunar i hensiktsmessig felles forvaltning på bestandsnivå

- Kvinnherad kommune skal ha stort fokus på dyrevelferd og yte høgast mogleg fagleg kompetanse i vurderingar og gjennomføring av lovpålagde, offentlege ettersøk

Måla for bestandsendringar skal nåast med bruk av slike tiltak:

- For redusert bestand trengs auka fellingar. Om naudsynt vil løyvetalet i tildelte fellingsløyve bli auka. Tiltak for auka fellingsprosent vil vera mest prioritert.
- For å nå mål om auka hanndyrandel i bestandane trengs det truleg å fellast færre hanndyr enn før. Andelen hanndyr i uttaket skal styrast gjennom tildelingar og godkjenning av bestandsplanar slik at andelen hanndyr i bestanden aukar.
- For å nå mål om å gjera bestandane meir robuste og levedyktige vil ein trenge å auke snittalderen i bestandane gjennom å felle høgare andel kalvar og unge dyr. Kommunen styrer dette i tildeling og godkjenning av bestandsplanar

For å nå mål sette for den offentlige forvaltninga skal:

- Kvinnherad kommune auka ressursbruken på oppfølging av grunneigarar og jegrar i aktivt informasjonsarbeid og kunnskapsspreiing.
- Kvinnherad kommune gjennomføre tiltak for auka kompetanse for tilsette med hjorteviltansvar
- Kvinnherad kommune gjennomføre tiltak for meir rasjonell og effektiv utføring av forvaltningsoppgåver
- Kvinnherad kommuna gjennomføre tiltak som vil auke dyrevelferd og redusere lidingar for skadde og sjuke hjortevilt

Om viltfond og proriteringar for bruk av viltfondsmidlar:

Kommunalt viltfond er oppretta og skal nyttast innanfor ramer sett i nasjonal forskrift. Viltfondet har inntekter for det aller meste frå innkreving av fellingsavgifter for felte hjortevilt i kommunen. Viltfondet kan brukast etter vedtak om støtte frå søkjarar eller etter avtale om støtte frå viltfondet. Viltfondet skal ma brukast som verkemiddel for å nå måla i hjorteviltforvaltninga.

- Viltfondet skal i planperioden særleg nyttast til styrking og utvikling av grunneigarstyrt planmessig forvaltning av hjort
- Viltfondet skal nyttast til tiltak som bidreg til auka kunnskapsinnsamling og -spreiing
- Viltfondsmidlar skal berre nyttast til utvikling i utmarksnæring, som avgrensa tilskot i tilleggsfinansiering av næringssatsingar
- Bruken av viltfondsmidlar til offentlege ettersøk og fallvilthandtering skal om mogleg samfinansierast med andre midlar.

Om fellingsavgifter for felling av hjortevilt

Det er høve til å krevje fellingsavgift for felte hjortevilt av artane elg, villrein, og hjort, som inntekt til det kommunale viltfondet. Rådyr kan ikkje krevjast fellingsavgift for. Kvinnherad kommune skal frå 2026 fastsetje fellingsavgift i forskrift lyst i lovdata.

Kommunen vil føreslå ny forskrift med høyring og fastsetjing ila året. Fellingsavgiftene skal setjast slik at desse står i høve til å kunne dekkje kostnadar til turvande tiltak i hjorteviltforvaltninga, unnateke kostnadar til kommunal viltforvaltning.

- Fellingsavgift for hjort skal følgje den til ei kvar tid nasjonalt sette maksimalsatsen.

Økonomisk verknad av kommunale mål for hjorteviltforvaltninga

Kvinnherad kommune skal prioritere etter mål og tiltak sette for den offentleg og private hjorteviltforvaltninga. Fastsetjing av mål for hjorteviltforvaltninga krev ikkje særskilt ekstra finansiering. Kommunen prioriterer innanfor årlege budsjett. Den private forvaltninga kan søkje dekning av utgifter over det kommunale viltfondet.

Bakgrunn, forklaringar og statistikk

Om hjortevilt og hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad kommune.

Av hjortevilt finn vi sær store bestandar av hjort, samt mindre bestand av rådyr. Elg finns ikkje som del av levedyktige bestandar i vår kommune, men kan opptre sporadisk. Kvinnherad er ikkje villreinkommune, sjølv om det er ein liten viltlevande reinsdyrflokk i grenseområda mot Ullensvang, Folgefonnhalvøya. Særleg dei store bestandane av hjort, legg føringar for forvaltninga og krev stor merksemd i offentleg og privat forvaltning, i ansvar for å sikre livskraftige bestandar og dyrevelferd. Hjorten som art er i tillegg til stor ressurs i oppleving og kjøtverdi, også stor skadegjerar på jord og skogbruk, og påverkar naturmangfaldet i stor grad når bestandane blir talrike.

Kunnskap om bestandstilhøva for hjortevilt er samla og gjort tilgjengeleg for alle interesserte i det nasjonale Hjorteviltregisteret. Utviklingstrekk i bestandsstorleik, kjønns- og alderstilhøve, kondisjon, samt oversikt over tildelte og felte dyr finn ein der.

For Kvinnherad har bestandane vore sær talrike over lang tid, av dei mest talrike i landet i form av felte dyr pr kommune i mange år. Talrike bestandar skapar utfordringar i auka skade på jord og skog, redusert livskraft og overleving for hjortevilt, og press på naturmangfaldet og andre artar sine livsvilkår. Kvinnherad kommune har arbeidd aktivt med å leggje til rette for å at bestandane skal reduserast, slik at belastninga skal reduserast. Fastsett minsteareal for hjort er så lågt som 300 dekar for delar av kommunen, og kommunen brukar aktivt 50% regelen slik at faktisk tildeling for somme vald er etter 150 dekar pr løyve. Kommunen nyttar utover løyvetildeling også ordning om kvotefri jakt på hjortevilt aktiv for å nå mål i forvaltninga i dag. Kommunen har på slik måte lagt svært godt til rette for at ein skal kunne hauste talmessig og kjønsmessig nok hjort til å nå måla som er sette og har vore. Resultata har over tid likevel vist at bestanden ikkje har utvikla seg til måla som har vore styrande. Etter lang tid med auka bestandar, ser det ut til at auken har stoppa opp, men bestandane er ikkje reduserte. Konkret tilseier det at forvaltninga treng å gjera meir endringar og auka arbeid for å kunne nå mål om reduksjon.

For rådyr er det lite tilsvarande. Arten er etablert med livskraftige bestandar vurdert å tåle hausting i seinare tid. Opning for tildeling av løyve og jakt på rådyr vart gjort i 2015. Bestanden av rådyr er prega av sporadisk førekomst utover i kommunen. I delar av kommunen er rådyr uvanleg å oppleve. Rådyra krev lite av forvaltinga slik bestandane er nå.

Jakt på hjortevilt er stor fritidsaktivitet for mange innbyggjarar i kommunen. Jaktutøving er rikdom i unike opplevingar i naturen, mosjon og samhandling. Jaktutøving er også næringsveg i kommunen med tilbod om utleige av jakt i enkle og meir tilrettelagde opplevingspakkar. Viltkjøt er også ettertrakta matressurs til eigen bruk og til bruk i næringsdrift. Hjorteviltressursane i Kvinnherad er viktige ressursar og eit stort ansvar å handtera for aktørane har i forvaltningsutøvinga.

Både offentleg forvaltning – kommunen, og den private forvaltninga – grunneigarane har oppgåver og ansvar i hjorteviltforvaltninga. Hjorteviltforvaltninga er regulert og styrt etter vedtak i offentleg forvaltning. Men det er lagt opp til stort ansvar for den praktiske drifta og organiseringa gjennom søknadar om løyvetildeling og godkjenning av lokale forvaltningsplanar utarbeidd av grunneigarane sjølve.

Den offentlege hjorteviltforvaltninga er styrt av kommunen etter delegert mynde frå overordna statlege aktørar, direktorat og departement. Forvaltninga er lokal. Kommunar som har felles bestandar av hjortevilt skal arbeide saman om forvaltninga slik at ein ser bestandar under eitt og ikkje delte etter kommunegrensar. Kvinnherad deltek formelt i tre, ulike og felles forvaltningsregime for tre avgrensa hjortebestandar i dag. Søre Kvinnherad, saman med Etne kommune. Ytre Hardangerfjord Vest, saman med Kvam og Bjørnafjorden, og Folgefonnhalvøya, saman med Ullensvang. Det er på grunneigarsida oppretta tilsvarande fellesforvaltning i felles planar for dei tre områda. Modellen sikrar stammevis forvaltning for dei tre ulike bestandane i tråd med overordna mål og føringar.

Den kommunale viltforvaltninga er i Kvinnherad lagt til samfunn og næring og landbrukskontoret. Kommunen handsamar lovpålagde oppgåver i viltforvaltninga generelt. Mykje av ressursane blir brukt på hjorteviltforvaltning, særleg hjort. Kommunen har særleg ansvar for skadd vilt. Lovpålagde offentlege ettersøk blir utført i avtale med særleg kvalifiserte personar.

Finansieringa av viltforvaltninga i kommunen er over kommunebudsjettet. Det er oppretta særleg kommunalt viltfond med inntekter i all hovudsak frå fellingsavgifter for felte hjort. Det kommunale viltfondet blir nytta i tråd med føringar sett i nasjonal forskrift. Midlar blir løyvde etter søknadar om tiltak. Det er opna for at kostnader og evt inntekter i samband med offentlege ettersøk og fallvilt kan inngå i det kommunale viltfondet, og Kvinnherad finansierer dette over viltfondet.

Talgrunnlag, diagram og forklaringar felte dyr, sett og skutt, bestandsutviklingar.


Talgrunnlaget vist i diagram er henta får Hjorteviltregisteret. Summert viser talmaterialet at veksten i bestandane i Kvinnherad ser ut å ha stoppa til at ein dei siste åra kan ha

reduisert bestanden litt. Måla over tilseier framleis høg tildeling og framleis høg felling for å redusera bestanden med 30%.


Talmaterialet viser at hanndyrandelen er låg og må aukast. Trass redusert andel felte dyr over år. Endringa har ikkje vore stor nok. Det vil krevje større endring om kommunale mål skal nåast.

Talmaterialet viser at ein over tid har auka jaktuttaket av yngre dyr og med det er i ferd med å skape meir livskraftige bestandar som tålar vinterperiodane betre. Utviklinga må fortsetje for å nå kommunale mål.


Talmaterialet viser at bestanden er i endring, og måla krever endring av bestanden. Endring og omstilling vil kreve meir arbeid og auka fokus på viltforvaltninga i kommande periode enn før. Arbeidet er føresett gjennomført innanfor til ei kvar tid eksisterande økonomiske ramer.




Diagrammet viser endring i tal felte hjort i perioden 2017-2025 i samanheng med tildelte løyver. Diagrammet viser at det dei siste åra blir felt færre dyr i høve til løyvetalet enn før. Mål om redusert bestand vil betyr å halde løyvetalet oppe, og forventa å sjå fellingstal ned mot 900 i løpet av perioden, og at grafen då flatar ut att på lågaer nivå.




Diagrammet viser endring i andelsvis fordeling av felte hjort i Kvinnherad for åra 2017-2025. Det viser endring med redusert andel eldre dyr i felling og auka andel kalv i felling. Det viser også at det er felt lågare andel hanndyr og at andelen hodyr har vore stabil. Målsetjing om endra kjønnsstruktur vil kreve endring i kjønnsvis felling av hjort, og kreve redusert felling av hanndyr.




Diagrammet viser kva jegrane ser pr dag, eit teikn på endring i bestandsstorleik for åra 2017-2025. Det viser variasjonar men ikkje endring. Mål om 30% reduksjon i høve til 2025 vil tilsei vidare utvikling ned til 1,5 sett hjort pr jegerdag.



Diagrammet viser kjønnsfordelinga i bestandane for åra 2017-2025. Det viser ei utvikling med auka andel hodyr i bestandane. Endringa strid med målsetjing. Målsetjing om auka hanndyrandel vil medføre auka felling av hodyr og redusert felling av bukk. Ei positiv utvikling vil gi høvetal ned mot 1,5 kolle pr bukk.



Diagrammet viser frå øvst til nedst jakttrykk på bukkar, kalvar og koller for åra 2017-2025. Diagrammet syner at jakttrykket har stigande tendens for alle kategroriar men er ikkje likt mellom kjønns- og alderskategoriane. Mål om endring vil redusere jakttrykk på hanndyr og auke jakttrykk på hodyr.



Diagrammet viser felte rådyr totalt for åra 2017-2025. Det viser variasjon i felte dyr. Rådyra er til skilnad for hjort mindre styrt av jaktuttak i bestandsutvikling. Diagrammet viser i mindre grad teikn på endring i bestand. For å sikre rådyra si utvikling til mål, treng vi vurdere anna innsamling av kunnskapsdata for å følgje bestandsutvikling enn fellingstal.